



Vinje kommune  
Næringskontoret



# Rapport utmarksoppsyn 2021



Vinjevatn sett frå Stekkjen

## Oppsummering/ konklusjon

Sesongen 2021 er den andre sesongen i prosjektet. Sjølve oppsynsperioden har strekt seg fra 15. juni til 15. oktober, dette er likt som første sesongen. Det har også i 2021 vore to utmarksoppsyn i kvar sin 50 % stilling. Styringsgruppa har i etterkant av sesongen 2020 hatt møte med erfaringar og vidare hatt eit møte før sesongen 2021 tok i gang. Her vart det drøfta kva fokusområde som skulle ligge til grunn for utmarksoppsynet. Det har vore tydelege ynskje om at det skal vere fokus på bandtvang også i 2021. Både ved å handheve evt lovbro stregn, men og å drive førebyggjande verksemd. Dette har vore med gjennom sesongen i det daglege oppsynsarbeidet.

Nytt av sesongen 2021 har vore at begge utmarksoppsyn gjennomgjekk kurs og eksamen i avgrensa politimynde i lovverk knytt til oppsynsoppgåver i utmark.

Totalt har utmarksoppsynet godt over 500 timer i utmark i Vinje kommune i desse 4 månadane. Dette er omlag 80 færre oppsynstimar enn første sesongen grunna avsett tid til kurs i avgrensa politimynde. Vertskapsrolla har talt 793 personar i perioden 710 færre enn i 2020. Dette samsvarer godt med opplevinga utmarksoppsynet har hatt, betrakteleg færre folk på tur til fjells enn i 2020. Det har også samanheng med færre timer, men og med kvar me går. Eksempelvis kan ein tur til Bossnuten i finvær og fellesferie erfaringsmessig føre til eit møte med rundt 100 personar. Det har også i år vore mange trivelege samtaler og tilbakemeldingar frå folk me møter på tur. Det er i løpet av sesongen ført tilsyn med 111 hundar. 1 hundeeigar er i år meldt for brot på bandtvangbestemmelsane, mot 2 i 2020. I 2020 kontrollerte me 194 hundar.

Det har i perioden vore god dialog med beitelig i kommunen, og det er gjennomført tilsyn i dei fleste områda av kommunen. Det er også i år satt fokus på område med mykje turistar og tidlegare uttalte problem med laushund i høve sau på beite. Det vart bedt om innspel frå beitelig og bondeorganisasjonar representert i styringsgruppa om kvar og når ein burde ha oppsyn. Her har det kun vore eit par innspel. Me veit det har kome reaksjonar via sosiale media om at me bør gå i område med mindre folk, då det er der det er størst sjans for å møte laushundar. Dette vil vere ei avveging mellom førebyggjande verksemd gjennom å møte mange, eller kanskje større sjans for å møte laushund, men då ha mindre kontaktflate mot turfolket. Her har utmarksoppsynet forsøkt å finne ein balanse utifrå eigen erfaring.

Som ledd i førebygging har me då vore på ein del turstiar for å opplyse og snakke med folk på tur. Opplysningsarbeidet har også tatt form gjennom vekentlege rapportar lagt ut på heimesida og delt på facebooksida til Vinje kommune.

Andre oppgåver har vore bla knytt til vegen inn til Kråmvik og Bitdalen. Her har det vore ein del innspel omkring kalvande reinsdyr på våren og kva oppsynet har kunne gjort med dette. Innspel har vore tatt vidare til administrasjonen i Vinje kommune. Det same gjeld innspel omkring betre skilting og nedsett fartsgrense for Kråmvikvegen.

## Innhald

Oppsummering/ konklusjon.....	2
Bakgrunn .....	4
Organisering .....	4
Utmarksoppsyn .....	4
Gjennomføring .....	4
Ressursar .....	4
Oppsynsrapport.....	5
Oppgåver .....	5
Vertskap.....	6
Turstiar .....	7
Miljøoppgåver .....	7
Erfaringar/ drøftingar.....	7
Tilsyn.....	7
Kontakt med beitelaga .....	7
Vertskap.....	8
Turstiar .....	9
Miljøoppgåver .....	9
Organisering .....	9
Utstyr.....	9
Oppsynet sine tankar om 2022 sesong .....	10
Kommentar frå næringskontoret .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>

## Bakgrunn

Til grunn for prosjekt utmarksoppsynet i Vinje ligg eit prosjektnotat – samt vedtak i kommunestyret 6.2.2020.

Kort fortalt er dette eitt prosjekt med oppsyn i utmarka med varighet på tre år - for å sikre at både landbruket og reislivet får høve til utøve sine aktivitetar i forståing med kvarandre sine interesser og behov. Reiseliv og landbruk er hovudsatsing for næringsverksemd i Vinje kommune – og nytter den same utmarka høvesvis til friluftsliv og beitebruk. Om ein skal oppnå god næringsutvikling i tråd med kommunale planer, er det avgjerande å sikre at både næringane får høve til utøve sine aktivitetar side om side. Det er viktig å halde interesseomsetnadane på eit lågt nivå, og i staden auke kontakten mellom grunneigarar, landbruket og reislivsnæringa.

## Organisering

Utmarksoppsynet er finansiert som eit spleislag mellom landbruksorganisasjonane, Rauland Turist, Fylkesmannen i Vestfold og Telemark og Vinje kommune. Alle har representantar i styringsgruppa i tillegg til miljøkrimkoordinator i Sør-Øst Politidistrikt. Vinje kommune ved næringskontoret har det administrative ansvaret ved rådgjevar for reiseliv Aud Irene Kittelsen og landbruksrådgjevar Thor Christiansen. Kommunen har også arbeidsgjevaransvaret.

## Utmarksoppsyn

Utmarksoppsynet er i sitt 2. år av prosjektet. Rune Aarhus busett i Øyfjell og Knut Olav Edland busett i Edland har fungert i 50 % stilling kvar i sesongen.

## Gjennomføring

I hovudsak er gjennomføring av oppsyn vidareført frå fyrste sesongen. Dette inneber at Knut Olav i hovudsak har hatt mest oppsyn i dei vestlegare delar av kommunen medan Rune har hatt mest oppsyn lenger aust. Begge har hatt utgangspunkt frå eigen heim i staden for å ha eit fast møtepunkt på td kommunehuset for så å reise ut. Dette sparar ein del køyring og har fungert som ei praktisk god løysing. Det har likevel vore kjørt mange kilometer i løpet av perioden. Ein rekк gjerne over 1 – 3 område på ein dag, avhengig av kva ein ser etter og kor lang tid ein nyttar på det enkelte område.

Det har vore prioritert område knytt til dei stadar der beitelag har gjeve uttrykk for mest utfordring med tilhøva mellom beitedrift og andre som ferdast i fjellet. Det har også vore eit mål å dekke opp dei fleste område i kommunen, dette meiner utmarksoppsynet har vore relativt godt dekt. I evalueringsmøte for 2020 kom det fram at det mangla tilsyn på eit beiteområde. For at dette skulle bli betre i 2021 skulle dei enkelte beitelag og bøndar bli flinkare til å melde i frå i forkant om kvar dei ynskjer at utmarksoppsynet skal gå og til kva tider. Her har det ikkje kome innspel. For å få beitelaga meir på banen meiner utmarksoppsynet at me må vurdere andre måtar å få engasjert beitelag på innan kommande sesong.

## Ressursar

I 2021 har det vore 4 mnd 100% stilling fordelt på dei to utmarksoppsyna. Begge har nyttat eigen bil i arbeidet. Det er gitt ei godtgjering for bruk av eige utstyr som klede, sko, kikkert, gps, skrivesaker osv. Utmarksoppsynet nyttar eigen bil i teneste og skriv reisegodtgjersle for dette.

Det har vore nokre færre timer ute i felt i 2021 enn i 2020 grunna kurs i avgrensa politimynde før sesongstart som tok nokre timer. Dette var eit klart definert mål å få på plass før sesongen 2021. Me

har jobba tett med Miljøkoordinator Jon Galteland som også sit i styringsgruppa for å få dette på plass.

Utmarksoppsynet har hatt trøye med logo der det står utmarksoppsyn og Vinje kommune. Med i sekken har me også refleksvest som kan takast på ved behov og ei magnetplate til å ha på bilen der det står utmarksoppsyn og Vinje kommune. Dette meiner me gje ein viktig signaleffekt som kan vere med å førebyggje. Dette er og viktig i høve vår rolle med avgrensa politimynde, at det ikkje oppstår misforståingar rundt rolla ved evt reaksjonar.

Ved saker der me er i tvil har me hatt kontaktperson i politiet eller hatt moglegheit til å kontakte næringskontoret for å rådgjeving og rettleiing. Elles har Utmarksoppsynet nytte av att me er 2 personar som kan ringe og rádføre seg med kvarandre.

## Oppsynsrapport



*Mange er flinke til halde hunden i band. Her to jenter møtt på tilsynstur på ved Bossnuten.*

## Oppgåver

Hovudoppgåva for utmarksoppsynet har vore ei vertskapsrolle for turistar og fastbuande som er på tur i utmark. Innanfor vertskapsrolla har tilsyn særskilt til bandtvang vore ei oppgåve med mykje

fokus. Det er og enkelte som engasjerer seg sterkt rundt denne oppgåva lokalt. Gjennom tildeling av avgrensa politimynde frå i år har og utmarksoppsynet hatt oppgåver og politimyndighet etter følgjande lovverk:

- Friluftsloven
- Naturmangfaldloven
- Motorferdselloven
- Viltloven
- Lakse- og innlandsfiskeloven
- Forurensingsloven
- Hundeloven

Den avgrensa politimyndigheten kjem og med ei plikt til å reagere på evt lovbro. Difor har det vore ekstra viktig å gjere det synleg når utmarksoppsynet er på jobb og når det ikkje er på jobb. Det er klart at når ein bur i bygda så ser ein ofte ting som kan vere brot på enkelte lovverk over. Typiske ting kan vere brot på motorferdselloven eller ein gardshund som gjeng laus i bygda. Difor har det blitt viktig å skilje tydeleg mellom jobb og fritid i rolla som utmarksoppsyn. Det er heller ikkje slik at utmarksoppsynet har som oppgåve å drive etterforsking, men føre tilsyn og reagere på evt lovbro der og då.

Av andre oppgåver som har vore prioritert er det å ha tilsyn i beiteområde til hovudsakleg sau. Her har me forsøkt å dekke innom dei fleste område. Dette vil vere ei prioritering på kvar ein skal nytte tid og ressursar. I enkelte beiteområde kan ein gå ein heil dag utan å møte ein person, samstundes er det viktig å ta ynskje frå alle beiteaktørar på alvor. Det kan ha ein førebyggjande effekt å synleggjere at utmarksoppsynet ikkje berre gjeng på dei same stadane, men at ein kan forvente tilsyn overalt i utmark i Vinje.

Det har vore enkelttelefonar frå bønder eller andre om me kan rykke ut og bidra. Det har vore alt frå å bidra til å sjå etter skadd sau, hjelpe ned skorfast geit, sjå etter og reagere på observert laushund til påkøyrslle av sau. Noko av dette har utmarksoppsynet vore med ut og bidrege på, medan anna kan me berre vidareformidle til den enkelte bonde. Sidan utmarksoppsynet har deltidsstilling (50 % kvar) vil det ikkje vere mogleg å «rykke» ut på alle oppdrag. Dette er heller ikkje hovudhensikta med stillinga. Der utmarksoppsynet sjølv vurderer det som hensiktsmessig å riktig i høve mandatet så vil me prioritere å reise ut og bidra når ein blir ringt etter, men dette må bli ei situasjonsvurdering for kvar gong.

Av andre oppgåver me rapporterer er om ser rovdyr eller teikn på rovdyr. For den sesongen har det hovudsakleg vore observasjon av ørn. Rydding av attgrodde turstiar eller liknande har vore lite av for 2021. Går me turstiar så fylgjer me derimot opp med å sjå etter og evt plukke med søppel. Det har og vore kikka etter andre evt utfordringar knytt til dette som parkering, slitasje, skilting mm.

## Vertskap

Totalt i sesongen har utmarksoppsynet vore vertskap for 793 personar. Ikkje samtlege er prata med, men dette er personar me har møtt på våre oppsynsturar anten det er etter turstiar eller i beiteterreng.

Det har vore viktig å opptre ryddig og imøtekommende ovanfor dei me møter og ofte kjem det spørsmål knytt til rolla som utmarksoppsyn, beitedyr og turområde.

## Turstiar

Det er gjenge opp ein del turstiar i kommunen, hovudsakleg i beiteområde, men og utanfor. Nokre av dei som skil seg tydeleg ut er Falkenuten, Bossnuten og området rundt Haukelisæter td er Vesle Nup ein populær dagstur. Her er det mykje folk, men ganske avgrensa i høve kvar dei går etter vår erfaring. Andre stadar me registrerer ein del fottrafikk er i området rundt Holtardalen og Vierli. I sommar har det vore tørt i terrenget og svært lettgått i blautare område.

I høve teltbruk ser me at området rundt Vesle Nup og Mannevatn er populært, men også på andre sida av vegen rundt Ståvatn. Desse områda blir ofte nytta av turistar som ynskjer ein kort fjelltur med ei overnatting i telt før ein kører vidare mellom aust og vest. Det er også observert noko telt i området bak Vierli på toppane, dei færreste gjeng langt. Dette var særskilt i godversperioden i sommar.

## Miljøoppgåver

Ei av oppgåvene har vore knytt til forsøpling av utmarka. Fyrste sesongen var dette litt udefinerbart og det har ikkje vore tillagt eit større fokus eller tydelegare mandat rundt dette. I hovudsak har det også i år vore knytt til vertskapsrolla der me samstundes har nytta høve til å observere om det er viktige ting å ta tak i. I tillegg til at utmarksoppsynet plukkar med evt søppel som finnes langs stiar eller utfartsparkeringar.

## Erfaringar/ drøftingar

### Tilsyn

På tilsyn i høve hundelova og forskrifta om utvida bandtvang i Vinje kommune, er ein person meld for brot på bandtvangbestemmelsane i hundelova. Det er også kome meldingar inn til oss om observasjon av folk med laushund under sesongen. Dette har i hovudsak ført til skjerpa tilsyn i desse områda. Saman med rapportane og ekstra turar i slike område vil moglegvis dette ha ein førebyggjande effekt.

### Kontakt med beitelaga

Kontakten med beitelaga har vore varierande. Det har vore lite initiativ til kontakt frå dei enkelte beitelag. Utmarksoppsynet har tatt kontakt med fleire beitelag underveis for å få tilbakemeldingar eller for melde frå omkring enkeltdyr eller observasjonar. Beitelaga var oppfordra før sesongen til å kontakte utmarksoppsynet for å gje tips og informasjon rundt kvar det var lurt å gange tilsyn. Dette kan fortsatt jobbast med før neste sesong, at terskelen for å ta kontakt med utmarksoppsynet bør vere lågare.

Omkring tilsyn og fokuset på laushund er det også i år varierande i kor stor grad bønder og beitelag uttalar laushund som ei utfordring. Alle er einige om at laushund kan påføre skade eller tap av beitedyr og at dette ikkje er greit, men nokre meiner at det ikkje er ei stor utfordring for deira drift. Dette heng ofte saman med område med mindre utfart av folk inn i beiteområda. Nokre bøndar meiner derimot at dette er ei hovudutfordring for sauedrifta. Då har det vore viktig å bruke ekstra mykje tid i desse områda. I området til Bitdalen beitelag er det eksempelvis utført tilsyn minst 1 gong kvar veke gjennom heile sesongen. Ofte fleire gonger per veke. Dette er eit beitelag som både har mykje sau i fjellet og som har område med ein del biltrafikk der sauene beiter, samt turstiar inn i beiteområdet. Tehytta, Falkenuten, Bitdalsdammen og Raulandsfjell er blant dei mest trafikkerte områda inn i beiteområdet. Det er spela inn til kommunen om strakstiltak på Kråmvikvegen som er vegen inn til bla Falkenuten og Bitdalsdammen. Etter kvart kom det opp saueskilt, det er vidare tatt

tak i Kråmvikvegen politisk nettopp med tanke på utfarten etter vegen opp mot andre interesser, deriblant beite og villrein.

Bidtalen beitelag har og hatt ynskje om å setje opp skilt i sankesesongen. Erfaringane frå i fjar var at under sinkinga var det ei utfordring for beitelaget med parkering og utfart frå Bitdalsdammen. Det er der beitelaget har innhegning og forsøker å samle sauene før dei skal vidare på bil. I år har Vinje kommune ved landbruksjefen på vegne av beitelaget vore i dialog med Statkraft om det er greitt at beitelaget setter opp skilt med oppfordring om å parkere lenger nede under sinkinga. Dette var ikkje problem og beitelaget har i år fått opp eit skilt med oppfordring til at ein ikkje kører opp eller parkerar oppe ved dammen under sinkinga.

Under sankeperioden har det vore ein del meir kontakt med enkelte bøndar eller beitelag. Dette har vore anten som vidareformidling av observasjon av sau som står att i fjellet eller andre observasjonar rundt skadd sau osv.

### [Vertskap](#)

I vertskapsrolla ser me også i år at mange gjerne slår av ein prat om både jobben me gjer og omkring dei store beiteressursane i Vinje. Mange ynskjer ofte også litt tips til nye turar og område dei kan oppdage i kommunen. Det har utelukkande vore positiv dialog med dei me har møtt underveis. Erfaringsmessig synes dette som ein viktig førebyggjande del av jobben, særskilt opp mot utfordringar omkring laushund. Mange av dei utmarksoppsynet har møtt er kjent med problematikken rundt laushund og skader hunden kan påføre sau på beite. Det var derimot færre som hadde tenkt over skadene ein hund kan påføre på til dømes rjupekyllingar eller anna vilt. Det er også få som synes å vere klar over at det er sau i terrenget når dei ikkje ser sau sjølve, eller at ein hund kan «leike» litt med sauen og føre til at søya og lammet vert åtskilt med dei utfordringar det kan gje.

Totalt sett når det kjem til utfart er det klart mest turgårarar å møte langs dei merkte stiane. Det er lite folk å sjå elles i terrenget. Mange hadde funnet turen sin via ein turapp som td ut.no og ikkje naudsynt kart frå kommunen eller reiselivet i kommunen. Det er hovudsakleg i molteperioden ein møter folk «overalt» i skogar og til fjells. Elles synes det som at mange har avgrensingar på kor lange turane er.

Falkenuten og Falkeriset er eit utfartsområde med godt merkt sti opp til Falkenuten. Her er det svært tydeleg at dei alle fleste snur. Det hender likevel at ein treffer på folk lenger inn langs Falkeriset. Dette har i hovudsak vore folk som er på treningstur og joggar innover, anten til der runden for Raulandsdilten snur eller ei sjeldan gong opp til Eggeflot. Jmfr drøftinga i høve villrein og ferdsselsrapporten for Hardangervidda<sup>1</sup> vil det nok vere store forskjellar her i kven som har strava app og ikkje. Dei fleste som gjeng til Falkenuten er «vanlege» folk, mange pensjonistar i vekene og barnefamiliar ellers. Desse nyttar sjølvsagt i mindre grad gps registrerte treningsapper, medan prosentandelen av dei som gjeng/spring lengre innover nok i større grad har ein treningsapp. Difor kan data henta ut frå strava heatmap i ferdsselsrapporten sjå verre ut enn det me opplever, når me er ute og faktisk observerer tal på personar. Falkeriset har vore eit omdiskutert tema med trafikk og villrein, me meiner difor som utmarksoppsyn det er greitt å ta med våre observasjonar rundt tema.

---

<sup>1</sup> Gundersen m.fl. NINA Rapport 1909; «Ferdsel i Hardangervidda Villreinområde», 2021

## Turstiar

Generelt har me merka og møtt mindre folk på tur i sommar enn førre sesong. I førre sesong merka me oss til dels store parkeringsutfordringar på dei verste utfartsdagane ved Vehuskjeringi, Varlandskrysset (Bossnuten) og parkeringa til Falkenuten. Det er ikkje utført utbetringar på desse stadane sidan førre sesong, med mindre folk på tur har det dei gongene me har vore i området ikkje vore like «kaotisk», men det er fortsatt ei utfordring med parkering i periodar på desse tre utfartsområda. Særskilt ved parkering for stien til Vehuskjeringi og for stien til Bossnuten, må ein parkere må motsett side av vegen for å krysse på til dels trafikkert veg for å komme seg på tur. Det er ikkje noko ideelt og Varlandskrysset har og mykje parkering på vegskuldra i og rundt eit kryss.

I terrenget i år har det vore svært tørt og det har dermed ikkje blitt den store ekstra slitasjen me kan sjå elles med blautare somrar. Det er også gjort nokre tiltak i Vinje.

Vierli har rusta opp sti rundt Oksatjønn, der har det tidlegare vore svært bløtt og mykje slitasje i myr. Dette er no kloppa opp for å unngå slitasje. Ved Heimvegli hyttefelt i nærleiken er det og anlagt ein sti på ein runde frå hyttefeltet, denne er godt merkt og delvis kloppa over dei fleste blautpartia.

Fortsatt ser me enkelte område som td innover Holtardalen mot Brattenut og rundt Svinefjell som går mykje over myrete og blaute parti. Her har det vore jamt med trafikk og mange på hytter i Holtardalen nyttar desse områda til trenings og tur, det er og ein del som gjeng inn for å fiske ved Kjakkemettjønnane. Dette er også eit beiteområde med ein del sau i området.

Det er svært lite søppel å sjå langs turstiane også i år. Det utmarksoppsynet for det meste har tatt med har vore gjenstandar som mista flasker, ein hanske eller buff.

## Miljøoppgåver

Dette var lite av i fyrste sesongen og det har vore relativt lite å ta tak i for sesongen 2021 også. Det har ikkje vore satt fokus på frå styringsgruppa, men det er klart at man kjem innimellom over gamle båtvrek, utrangerte maskiner og utstyr som står «parkert» i skog og utmark. Det er tatt med i bla vekentleg rapport som opplysing omkring vrakpant for gamle båtvrek.

Det har ikkje kome meldingar om ulovleg motorferdsel i utmark eller observert noko konkret. Det har heller ikkje kome meldingar eller observert noko rundt ulovleg fiske eller jakt for utmarksoppsynet sin del.

## Organisering

Før sesongen tok i gang gjennomførte utmarksoppsynet i lag med miljøkoordinator for sør-øst politidistrikt Jon Galteland og lærar frå politihøgskulen eit 40t kurs og eksamen i avgrensa politimynde.

Det var møte med styringsgruppa før sesongstart som er breddt samansett. Elles rapporterer utmarksoppsynet vekentleg til næringskontoret som setter saman vekesrapporten som leggast ut på Vinje kommune sine heimesider og fb side.

Nokre er flinke til å dele rapporten av dei som sitter i styringsgruppa, men det har ikkje lukkast like godt å få dei enkelte aktørar/ organisasjonar til å dele rapporten. Dette kan bli betre til neste sesong.

## Utstyr

Utmarksoppsynet ønskte frå førre sesong ei ekstra trøye med logo, dette har i denne sesongen vore «uniform». Elles nyttar utmarksoppsynet eget utstyr som bil, telefon, sekk, kikkert osv.

## Oppsynet sine tankar om 2022 sesong

Dei viktigaste erfaringane frå dei to fyrste sesongane handlar kanskje ikkje om sjølve oppsynsjobbene, men meir om engasjementet og eigarskapet til aktørar i styringsgruppa. Det er viktig å finne ein måte å senke terskelen for å ta kontakt med oppsynet. Dette gjeld både for beitelag, dei lokale landbruksorganisasjonane og enkelte bøndar. Bruken av sosiale media til å bla dele vekesrapportar bør også bli betre. Det er i stor grad enkeltpersonar som delar vidare. Det har også vore ein del kommentarar på desse delingane frå enkelte bøndar som er misfornøgd eller har ynskjer. Det må vere eit mål at desse tar kontakt direkte og at oppsynet kan gjere seg meir tilgjengeleg. Det må og vere eit mål at Visit Rauland, samt bondeorganisasjonane delar informasjon. Rauland og Vinje Bonde – og Småbrukarlag

Elles er det mykje positive tilbakemeldingar om viktigheten av å setje fokus på dei områda utmarksoppsynet har, både frå turistar og frå bøndar me har snakka med i løpet av sesongen.

## Kommentar i frå næringskontoret

Rapporten for 2021 er sendt styringsgruppa for kommentarar. Samarbeide med oppsynet har gått utan problem i heile sommar – dei er sjølvgåande og har god kontroll på kva dei skal. Vi har vore i telefonkontakt nokre gonger. Vi har eit oppstartsmøte i juni – og har eit møte i løpet av sommaren. Møte var på Hovden - i saman med landbruksrådgjevar for Bykle kommune.

Det må nemnast at beiteprisen for 2021 frå Norsk Bonde- og Småbrukarlag blei tildelt Vinje kommune - mellom anna på grunn av Utmarksoppsynet og den jobben som Knut Olav og Rune gjer.

Elles har oppsynet også i år vore i riksmedia - no særleg i samband med redningsaksjonen av omlag 100 skårfeste geiter i Øyfjell.

Vi har og i samarbeid med oppsynet snart ferdig med å utarbeidd ein risikoanalyse for Utmarksoppsynet med fokus på helse, miljø og sikkerheit.

Denne rapporten har i hovudsak blir skrive av oppsynet ved Knut Olav Edland og Rune Aarhus – vi har ikkje ytterlegare merknader til dette. Avsnitta om bakgrunn, organisering og økonomi er skrive av næringskontoret.

## Økonomi

Syner til tabell under. Utgifter til løn stig fortsatt noko – medan utgifter til køyring har gått noko ned. Utgifter til klede gjeld tynne T-skjorter av ull med logo på – etter ønskje i frå oppsynet. Kurs for avgrensa politimynde er utført – men vi har ikkje sett noko rekning på dette. Elles er det innkjøp av fagbok, og diett i samband med oppstartsmøte og eit møte om sommaren. Ellers er det utgifter til administrasjon, samt noko køyring i samband med møter. Faktura til organisasjonane for 2021 blir sendt ut no i etterkant. Etter søknad har løvvingane frå Fjellandbruksmidlane auka til kr 90 000,- som gjer at rekneskapet balanserer godt med budsjett

Rekneskap

Budsjett	1 år	3 år	Utgifter	
			2020	2021
Kostnad	Sum	Sum		
Løn - feriepenger, arb.g. avgift, forsikring, helgetillegg, mm	230 000	690 000	240 000	244 800
Køyregodtgjelser	20 000	60 000	24 000	22 400
Udstyr - klede, GPS, kart, vest og diverse	5 000	15 000	10 000	0
Administrasjon, telefon	5 000	15 000	5 000	5 000
Opplæring, kurs	5 000	15 000		2 170
Uforutsette utgifter	5 000	15 000		5630
TOTALT	270 000	810 000	279 000	280 000
Finansieringsplan	1 år	3 år	Inntekter	
Finansieringskjelde	Sum	Sum	2020	2021
Vinje kommune	145 000	435 000	154 000	145 000
Fylkesmannen i Vestfold og Telemark - fjellandbruksmidlar	80 000	240 000	80 000	90 000
Beitelaga i Vinje - samla	25 000	75 000	25 000	25 000
Landbruksorganisasjonane i Vinje - samla	10 000	30 000	10 000	10 000
Rauland Turist	10 000	30 000	10 000	10 000
TOTALT	270 000	810 000	279 000	280 000